



Veteranarbeid i Sogn og Fjordane

Kva er ein forsvarsveteran?

- Ein veteran er ein norsk statsborgar som har delteke eller deltek i fredsbevarande, fredsopprettande eller statsbyggande innsats i andre land, frå utanriks-, justis- og forsvarssektoren.
- 100 000 norske kvinner og menn har tenestegjort i internasjonale operasjonar i over 40 land, i fire verdsdelar – i nesten hundre ulike operasjonar.
- Det finnes 100 000 individuelle veteranhistorier rundt om i det langstrakte landet vårt, i **overkant av 500 av dei her i Sogn og Fjordane.**
- Som veteran er ein rett og slett eit menneske med ulike og unike røynsle. Ein person som med uniforma på og flagget på skuldra har valt å reise ut på vegne av Forsvaret. Alle som har delteke i internasjonale operasjonar kan med rette kalle seg veteranar.
- Anerkjenning for det ein har vore med på betyr mykje, og interesse frå folk ein har rundt seg er viktig. For enkelte kan overgangen til ein kvardag i fredelege Norge vere stor, og minna ein ber med seg pregar kvardagen til den enkelte veteran i større eller mindre grad. Kvar og ein veteran har si historie, og det at storsamfunnet viser at innsatsen blir respektert og sett pris på er viktig.
- Dei aller fleste klarer seg godt etter internasjonal teneste, og er ressurssterke menneske med ekstra erfaringar i ryggsekken. Nokre får traume og fysiske skader, og fleire slit med psykiske etterverknader.

Om Norges veteranforbund for Internasjonale Operasjonar (NVIO)

- NVIO er den leiande veteranorganisasjonen for alle veteranar og deira familiar. Vi jobbar sentralt, regionalt og lokalt med veteransaken.
- NVIO er en politisk nøytral organisasjon for alle veteraner.
- Vi har i dag 7500 medlemmer og 59 lokalforeninger over heile landet.
- Våre medlemmar representera ulike fasar i Norges moderne historie. De er veteranar frå dagens internasjonale operasjonar – og heilt attende til Tysklandsbrigaden.
- NVIO driv òg med kameratstøttarbeid, arrangerer månadlege veterantreff over heile landet på vegne av Forsvaret og gir ut bladet Veteran til sine medlemmer seks gongar i året.

Om NVIO avdeling Sogn og Fjordane

Stifta våren 2018, med representantar frå heile fylket.

- Vil arbeide for å fremje veteransaka i fylket med følgende hovudfokus:
 - o Veterantreff i heile fylket
 - o Kameratstøtte
 - o Arrangering av frigjerings- og veterandagen
 - o Kommunale veteranplanar

Veterantreff

- Det arrangerast i løpet av året sosiale treff der alle veteranar er velkomne, som regel i form av ein pizzakveld eller liknande arrangement.
- I 2018 blir det arrangert treff i Førde, Måløy, Florø, Nordfjordeid og Sogndal.

Frigjerings- og veterandagen

- 8. mai som frigjerings- og veterandag er det fremste dagen å markere når ein driv med veteranarbeid, og ein flott moglegheit til å involvere (og informere) både familien til veteranane, og samfunnet elles om kva det faktisk betyr å vere forsvarsveteran.
- I 2018 var det 8. mai arrangement i Flåm, Høyanger, Nordfjordeid, Florø og Sogndal.

Veteranplanar i kommunane

Bakgrunn: Dei siste åra er det frå myndigheitene si side via auka merksemd til veteranar. Stortingsmelding nr. 34 (2008–2009) «Frå vernepliktig til veteran». Om ivaretaking av personell før, under og etter deltaking i utanlandsoperasjonar» (Veteranmeldinga) ble følgt opp av «I teneste for Norge. Regjeringa sin handlingsplan for ivaretaking av personell før, under og etter utanlandsteneste» (2011). Målet med handlingsplanen var å styrke samfunnets anerkjenning og ivaretaking av personell før, under og etter internasjonal teneste for Norge, og styrke tverrsektoriell kompetanse og samhandling. I 2014 følgde vidare «I teneste for Norge. Regjeringa sin oppfølgingsplan for ivaretaking av personell før, under og etter internasjonal teneste». I oppfølgingsplan frå 2014 oppfordrast kommunar som har innbyggjarar som har vore i internasjonal teneste å utarbeide en kommunal handlingsplan.

Tema som er naturleg å belyse i ein slik plan er heider og anerkjenning, oppfølging og omsorg, ivaretaking av familien, korleis ein skal nytte veteranars kompetanse og møteplassar for veteranar.

Ingen kommunar i Sogn og Fjordane har veteranplan. Med eit eller to unntak har alle kommunar i fylket veteranar busett i si kommune, og NVIO avdeling Sogn og Fjordane ynskjer å bidra til at kommunane i fylket vårt har godt planverk for å ivareta veteranane våre.

Aktuelle lenkar:

<https://www.facebook.com/groups/234906003639855/> (NVIO Sogn og Fjordane si side)

<https://forsvaret.no/tjeneste/veteraner>

<https://itjenestefornorge.no/>

<https://nvio.no/>

<https://nvio.no/nvios-kameratstottearbeid/>

<https://forsvaret.no/tjeneste/veteraner/lenker/veteranplan>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/forsvar/internasjonale-operasjoner/innsikt-intops/forsvarets-veteraner/oppfolgingsplanen-for-veteraner/id2353955/>

Kontaktpersonar, NVIO avdeling Sogn og Fjordane:

- Magnar Skorven, Førde/ Sunnfjord (leiar) (e-post: magskor@hotmail.com/ tlf: 99769379)
- Jan Kai Torvanger, Førde/ Sunnfjord (e-post: jan-ktor@online.no/ tlf: 91703466)
- Frode Korneliussen, Florø/ Ytre Sogn (e-post: fkorne@yahoo.no/ tlf: 91102918)
- Trond Bjørkedal Øvregård: Nordfjordeid/ Nordfjord (E-post: raudeine@hotmail.com/ tlf: 91354364)
- Kristin Rundsveen, Sogndal/ Indre Sogn (nestleiar) (E-post: kr_ru@hotmail.com/ tlf: 90890713)